



Nytt frå Firda vgs mars 2024

Hei igjen,

Det har vore spesielle veker her på Firda. Forslaget om å legge ned studiespesialiserande kom svært overraskande på oss alle. Eg er glad for det store engasjementet vi har opplevd frå ulike kantar dei siste vekene. Det er utruleg viktig at vi no slår ring om både studiespesialiserande og dei andre utdanningstilboda ved skulen. Det er summen av tilbod som gjer Firda til ein unik skule for ungdom som ynskjer å ta eit studieførebuande utdanningsprogram. Vi har ein kombinasjon av tilbod som ingen annan skule i Vestland kan tilby. Dette skal vi utvikle vidare i lag.

Det er viktig å presisere at dette **er eit forslag**. Vedtak i saka kjem i oktober. Vi skal gjennom mange runder før den tid. Studiespesialiserande er eit viktig tilbod for ungdom i vårt område og for Firda. Det er dette tilbodet som gjev breiast plattform for høgare utdanning. Vi vil gjere det vi kan for at dette skal vere eit utdanningstilbod ved skulen i mange år framover. Det er òg viktig å understreke at dette forslaget ikkje får nokon konsekvens for dei som går på skulen i dag. Heller ikkje for dei som har søkt studiespesialiserande for komande skuleår.

Vekene mellom vinterferien og påskeferien har gått fort, og her kjem litt informasjon om noko av det som har skjedd på skulen;

Skidag

Torsdag 7. mars var det skidag for heile skulen. Vi leigde heile Breimsbygda Skisenter, og elevane fekk prøve seg på enten turski eller i skitrekket. Både elevar og tilsette kosa seg på fjellet denne dagen.

Hospitering

Måndag 18. og tysdag 19. mars var det hospitering ved Firda vgs. Desse dagane hadde vi besøk av 9. klassingar frå ulike skular i fylket. Dei kunne besøke idrettsfag, dans, drama, musikk eller studiespesialiserande. Det var to viktige og kjekke dagar med besøk av mange flotte ungdommar.

Påskeferie

Siste skuledag før påske er fredag 22. mars. Vi startar opp igjen etter påske tysdag 2. april kl. 08.30.

Hendingar i april:

Russerevy

Firdarussen presenterar «Russen i retro» torsdag 4. april kl 19 i Kultursalen. Dei har lagt ned mykje arbeid i planlegging og øving, og byr på morosame sketsjar, heimesnekra songar og dansenummer. Vi håper på full sal. Det fortener russen som har jobba hardt for å få dette til. Alle er hjarteleg velkomne.

Grisefest

Grisefesten er eit tradisjonsrikt og høgtideleg arrangement på Firda vgs som går mange tiår tilbake. Dette er lærarane sin måte å heidre avgangselevane våre på. Årets grisefest blir torsdag 11. april kl 19.00. Dette arrangementet er for tilsette og vg3 elevar. Det vert god mat, underhaldning, dans og taler.

Firdafestivalen 2024

Velkomen til Firdafestivalen!

Våren er her, det er sol, lyse dagar, kjærleik og forventingar, og det er Firdafestivalen 2024! Vi opnar dørene til Firda og musikk, dans og drama, og ut veltar det fargar, tonar og røyrslé. Gjennom ei heil veke kan du oppleve ulike framsyningar frå elevane ved musikk, dans og dramalina, som syner fram det mangfaldet av uttrykk og samskaping som oppstår når ungdomar møtest.

Firdafestivalen ved Firda vgs som går av stabelen mellom 19. og 26. april. Danseframsyninga «Resonans» vert vist 19. april, konserten «Klang» vert framført onsdag 24. april og teaterframsyninga «Fargeslukeren» vert framført både 25. og 26. april.

Meir info om billettar og alle arrangementa finn du på trivselshagen.no

Som i tidlegare informasjonsskriv tek vi med dei faste aktivitetane ved skulen:

- Gratis frukost – kvar morgon kl. 07.50 – 08.25
- Open skule – måndag, tysdag og onsdag kl. 17-21
- Studiekafe – tysdag kl. 17-19
- Open skule klatring – måndag kl. 19-21
- Volleyball – onsdag kl. 20-21
- Treningssenter – alle dagar i opningstida

Vil elles vise til heimesida vår og til skulen sin podcast «Firdapodden».

Ynskjer alle ei riktig god påske!

Helsing Hallgeir Hansen
rektor